

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018**

Fylkesordføraren svarte slik:

1. «Den nye Bybanekontrakten mellom Bybanen AS og Keolis Norge AS som gjeld frå 01.07.2019 er i same størrelsесorden som den eksisterande kontrakten mellom Hordaland Fylkeskommune og Keolis Norge AS. Men dei kan ikkje samanliknast direkte då den nye kontrakten har ein litt annan struktur enn den gamle kontrakten med hensyn til skalering av produksjonsvolum, mellom anna for å handtere utvidinga til Fyllingsdalen frå 2022. Kontrakten omhandlar også nye oppgåver som skal handterast av Keolis Norge AS. Dette gjeld for eksempel vognvedlikehald og avvising som medfører at sjølve kontraktssummen for Keolis Norge AS er høgare i den nye kontrakten. Ikke desto mindre er det forventa at Hordaland Fylkeskommune sine samla kostnader for finansiering av drift av Bybanen i Bergen over dei komande 8 åra blir noko lågare enn om ein hadde halde fram med samme kontrakt som i dag.
2. Fire selskap deltok i anbodsprosessen om den nye Bybanekontrakten. Vi kan ikkje gje utfyllande opplysningar om dei tilbodne kontraktsprisane, men det kan opplysast at Keolis Norge AS på priskriteriet ikke hadde det beste pristilbodet i relasjon til nummer to i konkurransen. Dei to øvrige tilboda var vesentleg dyrare. Pris talde 75% og kvalitet talde 25%.
3. Regulering av lønns- og arbeidsvilkår i den nye kontrakten er basert på det som er standard for Hordaland Fylkeskommune sine offentlege anskaffelsar av tenester. I den nye kontrakten som gjeld frå 30.06.2019 pkt. 3.2.2 heiter det «Operatøren skal sørge for at ansatte i egen organisasjon og ansatte hos eventuelle Underleverandører ikke har dårligere lønns- og arbeidsforhold enn det som følger av gjeldende landsomfattende tariffavtale, eller det som er normalt for vedkommende yrke på stedet arbeidene utføres. Operatøren må forholde seg til arbeidstidsbestemmelsene slik de fremgår av Arbeidsmiljøloven.» Kontrakten set for øvrig krav om at Operatøren skal ha ein årleg arbeidsmiljøhandlingsplan med konkrete og evaluerbare tiltak, og plikt til å legge fram dokumentasjon som gjer Oppdragsgjevar i stand til å føre tilsyn med dei løns- og arbeidsvilkår som blir brukt. Brudd på krav om gjengs løns- og arbeidsvilkår er dagbotbelagt.»